

Hordaland Sau og geit.



Referat frå styremøte fred.25.febr. på Solstrand Hotel & Bad ,kl.11.00.til kl.17.30. Desse møtte Nils Inge Hitland, Svein Misje,Steinar Steine,Anders Konglevoll og Reidar Kallestad. Forfall,Egil Øvstebø.

Sak.17/11.Godkjenning av innkalling og referat frå styremøte 28.01.11. Samrøystes godkjent.

Sak.18/11.Invitasjon til å møta på årsmøte til Hordaland Bondelag på Westland Hotel 18 og 19 mars.

Reidar Kallestad møter.

Invitasjon til å møta på årsmøte til Hordaland og Sogn og Fjordane Bonde og småbrukarlag på Opheim Hotel 12 og 13 mars. Ein utset dette til etter årsmøte og prøver om nokon derifrå område kan reise.

Sa.19/11. Orientering om beiteprosjekt i Hordaland i høve til møte i Beiteutvalet månd.28.Febr.

Styret ser det som viktig att det vert prøvt ut radiobjøller i enkelte områder i Hordaland.For å finne ut om ein ved dette kan redusera tapa og att det i nokon områder vert enklare å sjå kor dyra trekkjer ut.

Sak.20/11.Budsjett 2011.

Styret tek budsjettet til etterretning og legg det fram på årsmøte for endeleg godkjenning.

Sak.21/11.Landsmøte i NSG på Thon Hotel Bergen Airport.

Dette vert drøfta som sak på neste styremøte.

Sak.22/11.Ny giv for sauehaldet i Hordaland.

Styret vil leggja dette fram for årsmøte for og få ei meining om kva dei meiner.Deretter vil ein ta ut eit område i Hordaland som ein prøver det ut i.Då vil ein evaluera det for å sjå kva ein skal gjera av endringar. Styret ser det som viktig att ein heller tek det stegvis og ikkje går for fort fram.

Sak.23/11. Årsmøte 2011. Styret gjekk gjennom dei praktiske ting føre dette møte.Aviklinga og andre viktige ting.I denne saka deltok leiar i Valnemnda Mons Kjetil Vevle ,leiar i Gjetarhundnemnda Audun Seilen, leiar for Avlsutvalet Tore Atle Sørheim og årsmøteordstyrar Martin Haugland.

Ein vil ta opp på neste leiarsamling kor viktig det er med valnemndene og att lokallaga tek dette opp , slik att ein får fram kandidatar.

Sak.24/11. Ymse.

Styret gjorde her vedtak om å auka løyvinga til dei frå styret som deltok på Lam 2011frå tidlegare vedtak på kr.3500. til kr. 4500.Dette for att utgiftene vart høgare enn kva ein var kjende med under sist handsaming av saka.

Ref. Knut Sygnestveit.